

RE: Uttale til reguleringsplan for Meland kyrkjegard



Anne Sofie Nergård Uthaug <au887@kyrkja.no>  
Til Lennart Falkenberg-Avill

Du svarte på meldingen 05.06.2020 12:24.



fre. 05.06.2020 10:44

### **Kvifor ikkje gjennomkøyring i kyrkjetunet?**

- Kyrkjetunet ved Meland kyrkje er samtidig kommunal veg inn til Bjørnestad-grenda. Vegen skil største delen av kyrkjegard frå kyrkja og omliggande kyrkjegardsfelt. Parkeringsplassane ligg også i same området. Denne strukturen fungerte sannsynlegvis mykje betre i tidlegare tider med få gudstenester, gravferder og anna aktivitet i kyrkja. Men etter som folketallet har vakse kraftig i det som var Meland kommune fram til 2019, har problema auka. Då ein starta utbygginga av kyrkjegarden på oppsida av den kommunale vegen (starten av 1900-talet) var det ingen som forutsåg at dette vart den einaste kyrkja og kyrkjegarden i ein raskt veksande bynær kommune. Grunna den historiske plasseringa av Meland kyrkje og gravplass, må nær alle bruke bil for å kome seg dit.
- Det blir ofte kryssande behov mellom dei som bur på Bjørnestad sine behov for å køyre gjennom kyrkjetunet og brukarar av Meland kyrkje og kyrkjegard sine behov for å gå til bilane, ut- og innkøyring og parkering
  - Fulle parkeringsplassar som fører til at ein parkerer i alle vegkantar, også ned mot Bjørnestad. Parkerte bilar blokkerer tidvis anna trafikk, også på fylkesvegen.
  - Krasjande trafikkavvikling ved ut- og innkøyring til arrangement
  - Køyretøy som skal til og frå Bjørnestad som hamnar uforvarande midt i eit gravfølgje som er på veg frå kyrkja til gravplassen eller til bårebil når det er bisetting.

### **Dette kan skje ved følgjande hendingar:**

- Ved gudstenester med mykje besøk. Det er gudstenester i Meland kvar søndag, nokre gonger to gudstenester pr søndag (formiddag og kveld). Ekstra godt besøkte gudstenester kan vere for eksempel med mange dåp, konfirmantane deltek, eller med mange medverkande barn og unge. Dette skjer 1-2 gonger pr måned.
- Julafta-gudstenester.
- Konfirmasjonsgudstenester
- Ved konsertar, spesielt rundt julehøgtida
- Ved gravferder med mange besøkande. Det er ca 50 gravferder i året i Meland, talet vil nok auke.

Å legge opp til at ei vegsperring skal opnast ved behov, slik det er foreslått, er svært vanskeleg å gjennomføre i praksis.

- Det er vanskeleg å vite på førehand kva arrangement som vert godt besøkt.
- Å opne og lukke ein kommunal veg er ei kommunal oppgåve. I forslaget til trafikkregulering av ein ny veg vert det lagt opp til at det er kyrkja som skal ta seg av oppgåva, noko kyrkja ikkje kan ta på seg, både ut frå fullmakts- og kapasitets-omsyn.
- Fram til no har den kommunale uteavdelinga vore veldig hjelpsame med å vere trafikk- og parkeringsvakter ved gravferder der ein reknar med mykje besøk. Når tenesteytingsavtalen no er i ferd med å avviklast reknar vi med at trafikkproblema vil auke ved gravferder, sidan kyrkja ikkje har kapasitet til å ta denne oppgåva.